

Tur til Yorkshire 5. – 9. august 2024

Dag 1: Reisedag, Hadrians Wall og Corbridge

Sumarens langtur med Kvinesdal Historielag starta måndag 5. august med buss frå Liknes til Sola, og så fly med Loganair til Newcastle.

Vi var 22 deltakarar + reiseleiaren vår, Vidar Abrahamsen, frå OK Reiser, som arrangerte turen i samarbeid med styret i Kvinesdal Historielag.

Vel framme i England kørde bussen til Chester Roman Fort. Mykje av vegen dit gjekk akkurat der Hadrians Wall ein gong gjekk.



Chester Roman Fort

Vi hadde ein fantastisk kunnskapsrik lokal guide, som fortalde oss mykje interessant både om Hadrians Wall og fortet, og om romarane som levde der.



Frå den vesle byen Corbridge

Neste stopp denne fyrste dagen var i Corbridge, der me åt middag på Corbridge Angel Inn. Vi fekk servert «sausages and mashed potatoes», og når det gjaldt pølsa var nok dei fleste einige om at Nicopylsa er mykje betre!

Så hadde vi 2 timar i buss gjennom vakkert landskap, før vi kom til York utpå kvelden, der me budde på same hotell i 4 netter, like ved elva Ouse.

Dag 2: Byvandring i York, York Minster, York Chocolate Story og Jorvik Viking Center

Vi starta tysdagen med å møte Alfred, som var den lokale guiden vår i 3 dagar. Han var utruleg kunnskapsrik og hadde ei eineståande formidlingsevne. For dei som ynskjer detaljar frå og om York, fins det mykje stoff og bileter på heimesida til firmaet hans: <https://www.yorktour.com/>

På vandringa frå hotellet til York Minster stoppa vi mange stader, og Alfred hadde mykje å fortelja undervegs.

Me brukte lang tid i den praktfulle York Minster, påbegynt i 1220 og innvia i 1472. Den er spesielt kjent for dei mange glasmåleria. Den er Nord-Europas største gotiske katedral.



The Shambles i York



York Minster



York Minster

Etter ein nydelig lunsj på Wildwood York, besøkte vi York Chocolate Story, og Jorvik Viking Center, før me kom «heim» til hotellet i sekstida med litt slitne bein etter ein lang og innhaldsrik dag til beins i York. Middag på hotellet avslutta dagen.

Dag 3: Stamford Bridge, Howard Castle, Thirsk, Poppleton og Knaresborough

Vi starta onsdagen med eit stopp v/Stamford Bridge. Her tok me årets gruppebilete ved minnesmerket.

Vidare gjekk turen til Howard Castle, ein herregård kjend frå serien «Brideshead Revisited».

Så drog vi nordover til den lille landsbyen Thirsk, der vi besøkte «World of James Herriot» Det var her James A. Wight (1916-1995) hadde prakisen sin i ein mannsalder, og mange bøker og to TV-seriar har gjort denne dyrlegen frå Yorkshire kjent i heile verda.



Reisegruppa samla ved Stamford Bridge



Howard Castle

På veg attende til York stoppa me på The White Horse i Poppleton, der vi fekk servert «classic English roast» med yorkshirepudding og grønnsaker. Eit særst velsmakande måltid.



Frå stova til James Herriot



Knaresborough

Lenger sør stoppa vi i Knaresborough der vi fekk ei lita byvandring med Albert, før vi satte kursen attende til hotellet i York utpå kvelden.

Dag 4: Damptog frå Pickering til Whitby, Whitby Abbey, Robin Hood's Bay og Goathland

Torsdagen starta med ein liten busstur gjennom vakre Yorkshire til Pickering Station, der vi gjekk på damptog som skulle ta oss til Whitby. Toget stoppa m.a. på den legendariske Goathland Station, ein jernbanestasjon som er kjend både frå serien Heartbeat og frå filmene om Harry Potter. Vel framme i Whitby åt me lunsj på Trenchers, før turen gjekk til ruinane av Whitby Abbey.



Pickering Station

På veg attende til York stoppa me ved Robin Hood's Bay, og i Goathland, som også er kjend som «Adensfield» i serien «Hjartet på rette staden»



Whitby



Whitby Abbey



Konduktøren og Vidar på Pickering Station

Dag 5: Heimreise

Fredagen starta tidleg med buss frå hotellet kl. 05.30 direkte til Newcastle, der Loganair tok oss trygt til Sola, og så var det berre ein busstur heim til Kvinesdal.

Alle var veldig nøgde med turen som blei arrangert av OK Reiser i samarbeid med styret i Kvinesdal Historielag, og samarbeidet med OK Reiser var særst vellukka. Vidar Abrahamsen var med som reiseleiar og passa på at alle hadde det bra heile tida. Han hadde kontroll på logistikken, og hadde fått tak i veldig flinke lokale guidar.



Goathland

Vi er heldige som har fått opplevd vakre Yorkshire, og til og med vêret var på vår side kvar dag. Og det å ha ein god reiseleiar, og gode lokale guider, gjorde denne turen til ein suksess!



Det romerske York kom til syne då det «nye» biblioteket vart bygd i 1923.



v/Robin Hood's Bay

Ref. og bilete: Anne Erfjord